

Opning av Dei nynorske festspela

Torsdag, 25.06.2015

Statssekretær Bjørgulv Vinje Borgundvaag

Godtfolk, gode festlyd, kjære nynorskvenner

Eg takkar for invitasjonen hit til Dei nynorske festspela. No – midtsommars – er det fint å vere i grannefylket til der eg hadde mine barndomssomrar i Nordfjord. Særleg flott når eg og har anar frå Sunnmøre, nærare bestemt Bringsinghaug.

Det er ei glede for meg å vere med på å feire den nynorske skriftkulturen.

Det er også fint å vere til stades på eit kulturbad som dette, ein festival som i år spenner over breidda av kulturuttrykk innan musikk, litteratur og tekstilkunst.

Eg har tidlegare vitja Dei nynorske festspela som utøvar. Eg har bakgrunn som songar, og med Det norske solistkor fekk me i 1998 gleda av å framføre verdspremiera av verket "På kagfuglens Vengjer" av Magnar Åm til dikt av Liv Holtskog.

Den framføringa var nok eit døme for meg på kor perfekt for poesien nynorsk er. Frasane glid mjukt med eit eige lag når ein syng på nynorsk.

Som statssekretær fekk eg gleda av å vitje Aasen-tunet allereie i fjor. Der fekk eg eit gledeleg attersyn med skattar frå barndomen, og eg kjøpte med meg eit framifrå eksemplar frå den nynorske bokheimen: Ei bok til niesa mi; den kjende og kjære historia om Flyndrefanten, Krabbe Krølle og alle dei andre skapningane i Taremareby.

Det hende i Taremareby er ein nynorsk klassikar som eg var glad i som liten gut. No får niesa mi, som veks opp som bokmålsbarn med anar frå Nordfjord, også ein del av den nynorske skriftkulturen.

Eg er viss på at det me blir kjende med og glade i som born, har me glede av heile livet. Derfor er barnelitteraturen vår heilt sentral for å utvikle språkleg identitet og for å vekse inn i kultur og skriftkultur.

Butikken og boksalet her i Aasen-tunet går godt, vert eg fortalt. Det gler meg av fleire grunnar. Denne regjeringa er oppteken av at folk skal sjå verdien av kultur, og at han har ein verdi det er verd å betale for.

Det er ein av grunnane til at me har innført gåveforsterkingsordninga, som også skapar lokalt engasjement. Gåveforsterkingsordninga kjem i tillegg til den offentlege støtta, og gjer finansieringa av kulturlivet meir mangfaldig.

Men endå viktigare er det at ordninga aukar engasjementet og forståinga frå siviltt samfunn. Det er utruleg viktig at me ikkje gløymer at alle i samfunnet må sjå verdien av og ta ansvar

for vår felles kunst og kultur – det kan ikkje berre overlatast til det offentlege. Det svekkjer på lengre sikt den plassen kulturen har i samfunnet. Dette gjeld òg på nynorskfeltet.

Historia syner stort privat engasjement kring nynorsk kultur – det er bra og eg vonar det held fram!

Det gler meg sjølvsagt også at ein institusjon under Kulturdepartementet tener pengar. Det må vere lov å seie på Sunnmøre frå ein som sjølv har anar hit.

Då eg vitja senteret i fjor kjøpte eg t-skjorta "Du skulle berre visst kor mange tøffe ord eg har". Den har eg vorte så glad i at eg kjøpte to til i dag.

Men salet i butikken her viser ikkje minst at der litteratur på nynorsk er tilgjengeleg, blir han også kjøpt og lesen. Eit vilkår for å kunne kjøpe nynorsk litteratur, er at publikum støyter på han der dei ferdast.

Eg blir difor uroa når ferske undersøkingar viser at nynorske barnebøker kjem lite fram i ljuset. Regjeringa har sagt at vi vil støtte opp om begge målformer. Det er viktig at dei som veks opp med nynorsk som hovudmål, får lese både klassikarar og nye barnebøker på nynorsk.

Difor har me styrkt støtta til Samlaget og auka innkjøpsordninga for barnebøker med fem millionar kroner.

I den samanhengen vil eg òg rose Samlaget for deira offensive tilnærming til digitale kanalar. Både på iTunes og på Google Play Store finn du barnebøker på nynorsk frå Samlaget.

Samstundes er det verdt å merke seg at når Kulturrådet i ein prioriteringssituasjon valde ut ordninga for nynorsk litteratur for vaksne for ei reduksjon, vart det grunngjeve med at ordninga har vore romsleg med tanke på kvalitetsvurderingane av søknadane. Det er ein tankevekkar!

I dag er dagen etter jonsok. Sjølve jonsokkvelden blir som kjent feira med bål, eller "briseld", som det også kan heite. Ivar Aasen forklarar ordet som "Lystild som optændes på et høit Sted for at sees i Frastand".

Eg ser for meg Astrup-biletet "St.Hansbål". Sjølv skriv Astrup om biletet at jonsok ikkje var for dei fanatisk religiøse, i ei tid då å renne på kjelke var rekna som synd. Den gule elden som folk dansa og hoia rundt, var heidensk.

I dag derimot ser me for oss jonsokbålet som uttrykk for eit grendelag sitt vesle felleskap. Dei grannelaga som framleis tenner jonsokbål, har "det vesle ekstra". Tradisjonen har halde seg godt i nordiske land, og her skårar me også svært godt på målingar av friviljug deltaking og tillit mellom folk.

Tillit er i år festspeltetema ved Dei nynorske festspela. Programmet har mange tverrkunstnarlege framstillingar av temaet. Tillit i politikken vår handlar om å gje

enkeltmenneske ansvar. Det skal vere færre detaljkrav på folk. Politikken skal baserast på tillit til den enkelte. Mange av oss har ei oppleving av kva det gjer med oss å få tillit. Verdien av det skal ein ikkje undervurdere.

Kjære nynorskvenner. Danninga og utviklinga av det nynorske språket er tufta på tillit til språklege røynsler i heile landet og *lit til* at norsk språk er eit kulturspråk.

"Tillit" er også eit ord som Aasen hadde med i sine ordbøker over norsk språk, og me nordmenn er samde om kva det tyder.

Norsk språk må dessutan framhevast som heilt naudsynt for tilliten mellom styresmakter og folket. At det offentlege til dømes held i hevd begge dei norske skriftspråka, er viktig.

Politikarar - som meg sjølv - og offentleg tilsette har svært godt av å tenkje gjennom korleis vi snakkar og skriv. Mange opplever tåkeprat frå det offentlege. Staten sender ut 125 millionar brev kvart år. Rimeleg oppegåande folk forstår i mange tilfelle ikkje kva poenget med brevet er.

Eit døme er brevet bileigarar får frå Statens vegvesen om EU-kontroll. Før skreiv dei: "Manglende rapportering - periodisk kjøretøykontroll". Ein tenkjer "kva skal eg rapportere"? No står det: "Har du glemte EU-kontrollen?", og ein vaknar: "Ja, det har eg jammen!".

Vegvesenet fortel at talet på telefonar har gått ned med 40 prosent etter at dei språkvaska eit enkelt brev. Når det offentlege, og det private for den del, lesser ut or seg eit papirknitrande eller sjargongprega språk utan bakkekontakt, oppnår ein det motsette av tillit og dialog. Når ein har språk som hovudinstrument, slik eg på sett og vis har, blir ein freista til å pumpe språklege musklar for å svulme av kompetanse. Så dette handlar også om å ha tillit til dei "vanlege" orda og allmenne røynsler. Her kan me og lære av nynorsk språkhistore og ordlegging.

Eg vil også hevde at framtida for nynorsken må byggjast på tillit. Verkemiddelapparatet som dei fleste av oss erkjenner at nynorsken treng, er avhengig av tillit i større delar av folket enn berre hos dei som til dagleg brukar nynorsk.

Likeverdet mellom bokmål og nynorsk som opplæringsspråk og offentlig administrasjonsspråk er lovfesta. Praktisering av mållovsreglane er i stor grad baserte på tillit til at grunnkompetansen i norsk er god, og vilje til å ta begge målformer i bruk.

Denne regjeringa meiner at bruken av nynorsk ikkje bør detaljregulerast ytterlegare. Men verkemiddel i lovverket kan truleg målrettast betre enn i dag. Noko er oppnådd, noko står att å få til. Vårt utgangspunkt vil vere å kome fram til reglar som er enklast mogleg å praktisere og som balanserer ulike omsyn. Me må finne fram til løysingar som kan få fleirtal, som kan vere berekraftige på sikt, og som er tillitvekkande for eit moderne samfunn. I Medietilsynet sin rapport om allmenkringkasting kom det fram at NRK berre fyller krava til nynorsk i to av seks hovudkanaler. Eg er glad for at NRK arbeider målretta for auka rekruttering av medarbeidarar som brukar nynorsk. Når regjeringa no la fram

Stortingsmelding om Allmennkringkasting var det viktig for oss å oppretthalde kravet om 25 % nynorsk hjå NRK.

Sjølv om nynorsken representerer ein av motkulturane i norsk historie, er han i dag òg ein institusjonalisert del av vår nasjonale kultur – som Nynorsk kultursentrum er eit godt døme på.

Nynorsken sin undergang har vore varsla fleire gonger, og slike varsel kjem også i dag. Eg vil seie at framtida for eit språk ikkje er eit spørsmål om kva me trur, men kva me vil.

Eg er viss på at dei som er samla her i dag, har viljen som trengst. Og at desse dagane kan skape ny gneist og ein "briseld" for nynorsk språk.

Med desse orda opnar eg Dei nynorske festspela i 2015.

Takk for merksemda!